

## Finsveen (gnr. 46)

Finsveen: Namn der 1. leden kan vera plantenamnet finn (nardus stricta) eller adjektivet finn, som i gamalnorsk hadde tydinga fin, blank, slett . Brukt i bygdemålet er namneforma Finnsveen dativform; døme: oppi Finnsveen. Namneforma, subjekts- og objektsforma, er i bygdemålet Finnsvea: døme Finnsvea østre ligg i Ål, Finnsvea vestre ligg i Vingrom.

Garden Finsveen er som Dagsveen eit av dei yngre mindre gardsbruk i øvre Nordre Ål.

Det eldste vi finn Finsveen omtala er i 1752. Gardsbruket var da heimen åt Tollev og Anne, og dei fekk i tida frå 1753 til 1767 seks born. Det var: 1. Ingebor, f. 1753, 2. Sidsel f. 1755, 3. Mari f. 1757, 4. Anne f. 1762, 5. Even f. 1764, 6. Ane f. 1767.

Men i mellomtida var det også dåpsbarn hos Knud og Rønov Findsveen, som i 1760 fekk døypt sonen Gudmund og i 1764 dottera Mari.

Det ser såleis ut til at det i den tid budde minst 2 familiar i Finsveen. Dessutan var det ein barnefar Ole Findsveen som i 1760 tinga dåp til son sin Lars. I tida frå 1770 til 1785 buddet elles to andre huslyder i Findsveen, som namnet er skrive i den tid. Dei to huslydene var 1. Lars og Eli, som i 1770 fekk døypt dotter si Mari, 2. huslyden Gudmunn og Beret, som i 1783 fekk døypt dottera Mari og i 1785 sonen Knud. Truleg var familiefaren da den same Gudmund Knudsen som var fødd i Finsveen i 1760.

I tida frå 1794 til 1802 budde ektefolka Simen og Mari i Finsveen og fekk 4 born der. Det var: 1. Johannes f. 1794, 2. Rønnaug f. 1795, 3. Berit f. 1798 og 4. Sidsill f. 1802.

Frå denne tida er elles ei rettssak om bruksretten til Finsveen. Saka som var nokså innfløgd var fore på tinget i 1798 og er i ei utskrift av tingboka referert slik:

”Findsveen i Faaberg.

1.februar 1799.

Iver Lysgaard m. fl. har innstevnt Niels Christensen Findsveen og Simen Johansen til pl. Findsveens fravikelse.

2 vidner ble avhørt. Saken opptas til doms første månedsting.

Månedsting 28. mars 1799.

Dom innf. i dompr. 2. fol. 132 b.:

Ifl. fremlagt utskrift av sorenskriverens åsteds pr. pag 10 og 11 sees at det mellem citanterne og innstevnte er inngått forlik hvorefter innstevnte Niels Christensen og barn, mann efter mann skulle besitte pl. Findsveen, hver for sin levetid. Men det er utrykkelig pålagt hver ny bruker å bygsle plassen av citanterne som landherrer. Denne sak gjelder imidlertid at Niels Christensen har inntaget Simen Johansen med familie til beboelse på pl. Findsveen og tillatt ham å oppføre separate våningshus, hvortil er tatt tømmer, dels indenfor og dels utenfor plassens innhegning. Ti kjennes for rett: Simen Johansen bør under utkastelse, til neste faredag fravike pl. Findsveen til hvis bruk og beboelse han kjendes aldeles uberettiget. Han bør og tillikemed innstevnte, en for begge og begge for en, betale citanterne, Iver Lysgaard, Peder Hammerseng og Erich Ersgaard 8 rd. i omkostninger.”

Frå denne tida, da Finsveen var bygselbruk, er og ei anna sak, som etter ei samantrekt utskrift har denne ordlyden:

”Fåberg 18. juni 1806.

Sr. Iver Lysgaard har innstevnt husmann Ole Findsveen i anledning av at han, imot en mellem Findsveens beboere og Citanten m. fl. opprettet kontrakt, havner i hjemmehavnen sommeren igjennem med flere enn en ko.

Saken henvistes til åstedet.

Fåberg, 17. juni 1807.

Innstevnte erkjendte den irettelagte kontrakt av 15. febr.1790 for riktig, og tilbød å betale citanten hans utgifter 8 rd. når han ville frafalde saken. Citanten vedtok tilbudet.

Dom: Det mellom partene inngåtte forlik stadfestes.”

Her er vi altså enda i den tid da Finsveen var husmannsplass under Lysgaard. En merker seg og kva denne kontrakten galdt. Det var denne og liknande saker som vart trekt fram i striden for å betre husmenneskes økonomiske og politiske kår.

I tida 1821 til 1863 var det Arne Fridriksen som hadde Finsvea. Det er eir tidsrom på 42 år, og mangt og mye endra seg i Finsveen i hans tid. Sikkert til det betre.

Arne Fridriksen var gift to gonger, først med Rønnaug og så med Berit. Rønnaug og Arne Finsveen hadde i sitt ekteskap 2 born: Eli f. 1820 og Rønnaug f. 1821- Men mora, Rønnaug Finsveen, døde da i barnsenga. – Arne Fridriksen levde så som enkemann til han 28. desb. gifta seg oppatt med Berit Simensdtr. Finsveen, som da var 30 år. Arne og Berit Finsveen fekk i 1828 sonen Fredrik og i 1831 dottera Marie. – Trettito år seinare kunne så Arne i året 1863 gi skjøte til sonen sin Fredrik Arnesen på grd. Finsveen for kjøpesum 700 spd- og eit føderåd verdsett til 240 spd. Skjøtet er dat. den 9. og tgl. den 20 mars 1863, og baa foreldra var da framleis i live.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Finsveen i Fåberg fortalt at det samla jordbruksareal på garden av åker, eng og seterlykkje da var 93mål, og av dette var 17 mål jord av 1. klasse. Samtidig var det opplyst at buskapen i Finsveen var 2 hester, 6 naut, 8 sauer og 8 geiter, og at utseden var ca. 1¾ td. korn og 2 td. settepoteter.

Fredrik Arnesen Finsveen hadde den 27. april 1859 gifta seg med Marte Pedersdtr. Dagsveen, og dei fekk fleire born. Det var: 1. Annetta f. 1862, 2 Pauline f. 1865, 3. Gina f. 1863, 4. Kristian f. 1870, 5. Albert f. 1873, 6. Mathias f. 1876.

I 1886 kom endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gardsnr. Og bruksnr. og ny matr.skyld rekna i marfk og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Finsveen i Fåberg fekk da eige gardsnr., nemleg 46, av skyld 2,45 mark, og det var framleis Fredrik Arnesen som var eigar og brukar av garden.

Men i 1890 var Fredrik Arnesen død, og enka Mathea Pedersdtr. gav da skjøte på grd. Finsveen til Hans Henningsen for kjøpesum kr. 1750,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 825,-. Hans Henningsen hadde Finsveen til 1901. Da selde han garden til Iver E. Traaseth for sum kr. 3.675,- + det påkvilende føderåd til enka Matea Pedersdtr. Til 5-årleg verdi 825 kr.

Iver E. Traaseth var brukar i Finsveen til i 1906. Da selde han Finsveen framleis av skyld 2,45 mark til Mathias A. Finsveen for kjøpesum kr. 5.175,- + det påkvilande føderåd.

Av dei kommunale manntal frå den tida går det elles fram at i 1901 var det 2 veljarar med komm. Stemmeret som budde i Finsveen. Det var Iver Erlandsen Traaseth, 72 år, og sonen hans, Ole Iversen, 35 år. Seks år seinare var det i 1907 desse som hadde kommunal røysterett av dei som budde i Finsveen: 1. Mathia A. Finsveen, gardbrukar, 32 år, 2. Marta Finsveen, kona hans, 30 år, 3. Mathias Fredriksen Finsveen, arbeider, 31 år.

Ved ei skylddelingsforretning i 1909 vart eit bruksnr. 2 Reiret av skyld 0,02 mark selt av Mathias A. Finsveen til kjøpmann Einar Lunde.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det likevel framleis berre eit bruk under gr.nr. 46 Finsveen som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meire enn 10 mål (da). Det var: Gr.nr. 46, br.nr. 1 Finsveen med eit jordbruksareal på ca. 50 mål, som Mathias A. Finsveen enda var eigar og brukar av.